

Arkiv: <arkivID><jplD>
GBNR-58/129, FA-L42
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 06.03.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
043/22	Utval for areal, plan og miljø	23.03.2022

**Klage på vedtak om dispensasjon frå byggegrense mot sjø, naustføremål på land samt bruk og vern av sjø for etablering av kai og flytebryggje - gbnr 58/129 Lygren indre
KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 21/2729 med saknr. 21/61089, datert 01.10.2021, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Utval for areal, plan og miljø 23.03.2022:

Handsaming:

Framlegg frå Anne Grete Eide-Åp:

APM tar ikkje klagen til følge, og opprettheld vedtak i sak 178/21.

APM- 043/22 Vedtak:

APM tar ikkje klagen til følge, og opprettheld vedtak i sak 178/21.

Saksopplysningar

Eigedom: Tiltak er lokalisert på gbnr 58/2

Adresse: Buskeneset 33, 5912 Seim

Tiltakshavar: Morten Andre Mjanger

Eigar – gbnr 58/129: Morten Andre Mjanger – fritidsbustad i nærleiken av naust på gbnr 58/2

Eigar – gbnr 58/2: Lars Bjørn Lygre

Klagar: Statsforvaltaren i Vestland

Saka gjeld klage på politisk vedtak i sak 21/2729 med saknr. 178/21, datert 08.12.2021, om dispensasjon frå byggegrense mot sjø, naustføremål på land samt bruk og vern av sjø for etablering av kai og flytebryggje - gbnr 58/129 Lygren indre. Kai og flytebryggje er plassert på gbnr 58/2. Kai er opplyst å vere 2x4m og flytebryggje er

2,5x5m.

Vedtaket om dispensasjon frå byggegrense mot sjø, naustføremål på land samt bruk og vern av sjø for etablering av kai og flytebyggje har følgjande ordlyd:

APM- 178/21 Vedtak:

Klagen vert teke til følge og delegert vedtak i sak 21/2729 vert gjort om. APM finn at vilkåra for dispensasjonen etter pbl 19-2 andre ledd første og andre punktum er oppfylt og gjev dispensasjon jf pbl § 19-1 første ledd første punktum. for omsøkte tiltak.

Det gis dispensasjon i frå:
Plan- og bygningsloven § 1-8 for byggegrense mot sjø.
Arealformål nausteføremål på land i reguleringsplan.
Arealføremål bruk og vern av sjø i kommunedelplan.

Grunngjeving

APM kan ikkje sjå at oppføring av tiltaket som omsøkt skal vera i strid med reguleringsplanen sitt formål.

Statsforvaltaren har tidlegare vurdert at kai og opptrekk ikkje er i strid med reguleringsplanen for Buskeneset.

Sjøarealet inngår i reguleringsplanen. Kai og brygge kan naturleg forenes med nauset og reguleringsplanens føremål.

Ein planprosess i område vil ikkje gi ytterlegare avklaringar en det som er opplyst i byggesak. Motstrid mellom reguleringsplankart og KPA 2019-2031, vert løyst ved at byggegrense følger føremålgrensen i reguleringsplanen

Etter ei samla vurdering meiner APM - utvalet at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene, og hensyna bak bestemmelsane som det dispensert i frå ikkje blir vesentlig tilsidesatt.

Søknad opplys om og situasjonskart syner også ein slipp. Slipp er opplyst å vere 2,5x5m, men vedtaket omhandlar ikkje dette tiltaket og dette er ikkje påklaga av tiltakshavar. Slipp er difor ikkje ein del av vedtaket av 08.12.2021 eller noverande klage.

Tidligere saksgang

Det vart gjeve administrativt avslag på søknad sak 21/2729 med saknr. 21/61089, datert 01.10.2021, om avslag på dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø samt byggegrense mot sjø for etablering av kai og flytebyggje.

Vedtaket har følgende ordlyd:

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplana sin arealdel jff pbl. § 11-6 for oppføring av bustadhus.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Avslaget vart påklaga av Grahl-Madsen & co advokatfirma AS på vegne av tiltakshavar. Administrasjonen fastholdt sitt opprinnelege vedtak og saka vart oversendt Areal, plan og miljø (APM) for politisk behandling.

Saka har vore handsama av APM 1 gang tidlegare.

Areal, plan og miljø (APM) tok klagen frå Grahl-Madsen & co advokatfirma AS på vegne av tiltakshavar til følgje og gav dispensasjon frå byggegrense mot sjø, naustføremål på land samt bruk og vern av sjø for etablering av kai og flytebyggje - gbnr 58/129 Lygren indre.

Saka blei samrøystes vedteke.

Klage

Kommunen har mottatt klage frå Statsforvaltaren i Vestland på vedtaket om dispensasjon frå byggegrense mot sjø, naustføremål på land samt bruk og vern av sjø for etablering av kai og flytebyggje - gbnr 58/129 Lygren indre.

Kommunen har mottatt tilsvar til klagen frå tiltakshavars representant, Grahl-Madsen & co advokatfirma AS.

Klagerett og klagefrist

Statsforvaltaren har klagerett som sektorstyresmakt.

Vedtak i sak 21/2729 med saknr. 178/21, datert 08.12.2021, om dispensasjon frå byggegrense mot sjø, naustføremål på land samt bruk og vern av sjø for etablering av kai og flytebryggje - gbnr 58/129 Lygren indre er sendt ut den 22.12.2022.

Klagen er rettidig mottatt innan den 12.01.2022. Tilsvar er rettidig datert 07.02.2022 og mottatt 14.02.2022.

Private forhold

Naust, kai og flytebryggje er plassert på gbnr 58/2. Det er gjeve privatrettsleg erklæring frå gbnr 58/2 til gbnr 58/129 om rett til å bygge naust, kai og flytebryggje innanfor de rammer kommunen gir, datert 25.02.2021.

Sakshandsamingsfrist

Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker. Saka blir behandla i møte den 23.03.2022, og blir handsama innan fristen.

Planstatus

Eigedommane gbnr 58/129 og 58/2 ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Buskeneset plan-id 1263-07021985 er definert som naustføremål.

Kai og flytebryggje er i strid med:

1. Byggegrense mot sjø, jf. pbl. §1-8.
2. Naustføremål på land med krav til situasjonsplan som viser samla utnytting og detaljløysing for kvart naustområde, jf. reguleringsplan Buskeneset
3. Arealføremålet bruk og vern av sjø, jf. kommuneplanen sin arealdel (KPA) 201-2023 for tidlegare Lindås kommune.

Kommunen viser her til utredning om planstatus frå Statsforvaltaren i Vestland den 10.06.2021 om tiltaka naust, kai og flytebryggje:

«Planstatus

Planstatus i området er motstridane. Naustetomta ligg innafor reguleringsplan for Buskeneset med plan-id 1263-07021985. Dette er ei eldre reguleringsplan der området er sett av til fritidseigedomar og naustetomta. Det aktuelle området har naustformål på land. Kommuneplanen (KPA) for Lindås gjeld føre reguleringsplanen ved motstrid. KPA visar fritidsbustader på land og vi legg til grunn at dette ikkje er i strid med naustformålet i reguleringsplanen jf. føresegn 2.1.3 i KPA. Reguleringsplanen har ikkje byggegrense mot sjø, men det er lagt inn byggegrense mot sjø i KPA. Byggegrensa er i motstrid til føresegn 4.5.1 i kommuneplanen som seier at i dette området går byggegrensa i føremålsgrensa for hyttar og naust. Vi gjer først og fremst merksam på at motstrid som dette kan føre til at ein må sjå desse

punkta i planane som ugyldige. Derfor bør ny byggegrense i tilfelle med slik motsetnad som her, fastsetjast igjennom endring av reguleringsplan eller kommuneplanen.

Som alternativ når planen angir to forskjellige byggegrensar, vil vi i utgangspunktet vurdere at den strengaste bør gjelde, eventuelt at 100 meter gjeld. Anna vil ikkje vere i samsvar med omsyna bak pbl. § 1-8. Uansett kva byggegrense ein legg til grunn her vil kai, flytebrygge og slipp vere i strid med denne. Vi vurderer at desse tiltaka også vil vere i strid med naustformålet på land. I føresegnene til reguleringsplanen står det at det berre kan oppførast naust i desse områda. Det er også sett krav om situasjonsplan som viser samla utnytting og detaljløysing for kvart naustområde.

I sjø er det formål bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplanen som er gjeldande formål. Heile arealet ligg innafor omsynssone for den indre farleia og sjøarealet er del av marin verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane.

Statsforvaltaren si vurdering av tiltaka og strandsona

Kai, flytebrygge og slipp er skildra i liten grad. Det er lagt ved eit situasjonskart der tiltaka er teikna inn, men tiltaka er ikkje målsett. Der er heller ikkje skildra korleis tiltak skal byggast.

Den aktuelle strandsona er planert og har små strandsoneverdiar på land bortsett frå å vere tilgjengeleg. Området har langt større verdi i sjø.

Slik vi ser det vil sjølve naustet ikkje setje strandsoneomsyna vesentleg tilside, så lenge planeringa av området er lovleg utført. Det må dokumenterast. Vi meiner derimot at ei eventuell vidare utbygging av naustområdet, utover det planerte området, vil vere langt meir problematisk med tanke på strandsoneverdiene i område.

Når det gjeld kai, flytebrygge og slipp er desse tiltaka i strid med både eldre reguleringsplan, kommuneplanen og byggegrense mot sjø. Vi meiner kommunen må leggje særleg vekt på faren for å tilsidesette kommuneplanen som styringsverktøy og ein bit for bit utbygging av strandsona. Vurderingar av landskap og friluftsliv må også vere sentralt i kommunens vurderingar. Vi rår derfor i frå desse tiltaka.

Om tiltaket er i strid med marint verneområde må det søkast dispensasjon frå verneforskrifta.»

Dispensasjon


Kai og flytebrygge krev dispensasjon frå:

1. Byggegrense mot sjø, jf. pbl. §1-8.
2. Naustføremål på land med krav til situasjonsplan som viser samla utnytting og detaljløysing for kvart


- naustområde, jf. reguleringsplan Buskeneset
3. Arealføremålet bruk og vern av sjø, jf. kommuneplanen sin arealdel (KPA) 201-2023 for tidlegare Lindås kommune.

Kart/foto

1 er slipp, 2 er bryggje og 3 er flytebryggje i sist revidert situasjonsplan, datert 19.04.2021



Utsnitt reguleringsplan og situasjonsplan av 10.02.2021



Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Kaien og flytebrygga vil auke privatiseringa og endre opplevinga av landskap sett frå sjø. I tillegg kan en dispensasjon auke faren for ein bit for bit nedbygging av strandsona i strid med kommuneplanen.

Tidlegare Lindås kommune ligg i sone 2 i dei statlege retningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø frå 28.05.2021. I desse områda skal byggeforbodet praktiserast strengt og i områder med stort press på areala skal dispensasjonar unngåast. Presset for tiltak i strandsona er relativt stort i området. Med dispensasjon, kan det bli en bit for bit utbygging i strandsona i strid med overordna plan. Reguleringsplanen har fleire naustområde. Same plangrunnlag kan gjere seg gjeldande. Det kan da vere vanskeleg å avslå kommande søknader om kai og flytebrygge.

I samsvar med statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, skal kommunen i kommuneplanprosessen vurdere kor ein kan tillate kaier og småbåthamner.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Tilsvar klage

Tilsvaret er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Sjøarealet inngår i reguleringsplanen. Kai og brygge kan naturleg forenast med naustet og reguleringsplanens formål. Ein planprosess vil ikkje gi fleire avklaringar. Området er tilstrekkeleg avklart i plan.

Kai og brygge er tiltak kan gis løyve innanfor en reguleringsplan som har fritidsbebyggelse og naustområde som formål. Området kvalifiserer ikkje som pressområde slik del av Alver (Lindås og Meland) er omtalt i statlege retningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Det vert ikkje ein bit for bit nedbygging av strandsona. Alver kommune har ein betydeleg strandsona mot sjø. Det å bruke dispensasjon som verktøy innanfor område som allereie har vært gjennom de nødvendige planprosessene fremstår som fullt ut forsvarleg.

Det vert vist til tilsvaret i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Eigedomen ligg innafor reguleringsplan for Buskeneset, men denne plana er avgrensa til tiltak på land. Utafor reguleringsplan er arealet i sjø sett av til «Bruk og vern av sjø» i kommuneplanen sin arealdel.

Reguleringsplana har ikkje vurdert tiltak i sjø, og dette er heller ikkje vurdert i kommuneplan for dette området. Det er vår vurdering at skal ein opne opp for tiltak i sjø her bør dette gjerast gjennom ei planprosess for å sikre at utbygging og omfang er i tråd med overordna planer og vern av sjøområda.

Det er i tilsvar frå tiltakshavar datert 18.07.2021 syna til to sakar i tidlegare Lindås kommune. Vi har ikkje lykkast i å finne referansesak 270/00 men har gjort ei vurdering av sak med referanse 2009/1069;

Denne saka ligg tilbake i tid, og kommuneplana har vore gjennom ei omfattande planprosess fleire gåingar sidan den tid. Samstundes vil det vere vanskeleg å sjå på historikken i den saka, då strandsonevernet vil endras over tid, med mindre endring i vurdering og praksis.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø og føresegn 4.5.1 i kommuneplanen vedkomande byggjegrænse mot sjø ikkje er tilstades i denne saka.»

Vurdering i klageomgangen

Det er to vilkår som må vera oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå, omsyna i lovens føremålsbestemmelse eller nasjonale og regionale interesser ikkje verta vesentleg sett til side og for det andre skal fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering, jf. pbl. §19-2 andre ledd første og andre punktum. Begge vilkåra må vera oppfylt for å kunne gje dispensasjon.

Omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå, omsyna i lovens føremålsbestemmelse eller nasjonale og regionale interesser, må gjere seg gjeldande med ei viss tyngde for at kravet om vesentleg tilsidesetting skal vere oppfylt.

Omsyn bak byggjeforbodet i strandsona er i hovudsak å sørge for at den nære strandsona skal haldast fri for inngrep på grunn av dei sterke interessene som generelt er knytt til strandsona. Vidare er det eit nasjonalt mål at strandsona ikkje skal utbyggjast og at den såleis skal vere open for ålmenta. For arealføremålet bruk og vern

av sjø er det tilsvarende at sjøen ska heldast fri for inngrep for å sikre ein fri tilgang til sjøområda for almenda.

Tiltakshavarane fremjar i hovudsak dei same argumenta for å gje dispensasjon i tilsvar til klage frå Statsforvaltaren samt deira klage på avslaget. Det er ikkje noko nytt i saka.

Administrasjonen legg særleg vekt på faren for å tilsidesette kommuneplanen som styringsverktøy og ein bit for bit utbygging av strandsona og nærliggande sjøområde.

Arealutvikling gjennom plan vil vere riktig framgangsmåte i saka, der strandsona landskap og friluftsliv vil vere ein del av vurderingane. Dette sikrar openheit, forutsigbarheit og medverknad, jf. føremålsbestemmelse i pbl. §1-1.

Vi er samd i Statsforvaltaren sin vurdering i denne saka når det gjeld tiltaka i sjø slik dei framgår av uttale og klage. Konsekvensar for allmenn ferdsel bør vurderast før ein ser i kva grad området toler tiltak som kai og flytebrygge. Det er ikkje lagt fram ein situasjonsplan eller utgreiing som viser samla utnytting og detaljløysing for naustområde slik naustføremål på land krevjar. Det er kun vist til eigne tiltak. Planen, som styringsdokument, vert difor vesentleg tilsidesett med dispensasjon i saka.

Dei omsyna som ligg bak omsyna til byggegrense mot sjø, naustføremål på land, samt omsyna bak bruk og vern av sjø og plan- og bygningslovens føremålsbestemmelse om planlegging, medverknad og forutsigbarheit som plan vil tilgodese, gjer seg gjeldande med særleg tyngde og vert vesentleg sett til side, jf. pbl. §19-2 andre ledd første punktum.

I interesseavveginga av fordelar og ulemper, så skal fordelane avgrensast til forhold som ivaretek generelle areal- og ressursdisponeringsomsyn. Dersom nasjonale og regionale interesser er tilstades, men vert vurdert av kommunen å ikkje vere vesentleg tilsidesett, så skal uttale frå nasjonale og regionale mynde vere ein del av den samla vurderinga om fordelane er klart større enn ulempene. I tillegg kan spesielle sosialmedisinske, personlege og menneskelege omsyn påberopast, men det skal fortsatt førast ein restriktiv praksis når det gjeld vektlegginga av desse. Det må liggje ligge føre ein klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon etter ei samla vurdering.

Statsforvaltaren sin uttale og klage synar at ulempene med frådelinga gjer seg gjeldande med stor tyngde. Enkeltvise dispensasjonar er uheldig då det ikkje vert vurdert på ei overordna nivå og i ein større samanheng om området. Det er ikkje kartlagt kva grad området toler tiltak som kai og flytebrygge.

Vidare er det kommunen si vurdering er at det ikkje ligg føre fordelar for andre enn kjøpar ved at det vert gjeve løyve til kai og flytebrygge. Søkanden er i hovudsak grunngeven med personlege tilhøve og dette har liten vekt.

Fordelane ved å gje dispensasjon er ikkje klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering, jf. pbl. §19-2 andre ledd andre punktum.

Konklusjon - prinsipalt

Det er kommunaldirektøren si vurdering at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

Subsidiært – APM finn at vilkåra for dispensasjon etter pbl. §19-2 er tilstades.

Dersom APM finn at dei rettslege vilkåra i pbl. 19-2 andre ledd første og andre punktum er oppfylt, «kan» kommunen velje å gje varig eller midlertidig dispensasjon, jf. pbl. §19-1 første ledd første punktum.

Vidare kan ein mindre sak kan vere av prinsipiell betydning og ha vidtrekkande konsekvens ut over seg sjølv. Dispensasjonen sin presedensverknad og det ulovfestet kravet om likebehandling for like rettslege og faktisk saker er ein del av «kan» vurderinga til kommunen. Dette er lagt til grunn hos Sivilombudet. Det ble her presisert at forbodet mot usakleg forskjellsbehandling er en begrensing i forvaltningas frie skjønn og retter seg ikkje mot rettsbruken. Ein anførsel om usakleg forskjellsbehandling vil derfor ikkje ha relevans i vurderinga av om vilkåra i pbl. §19-2 annet ledd er tilstades. Anførselen vil måtte avgrensast til «kan» skjønnet, jf. pbl. §19-2 første ledd første punktum.

I utgangspunktet er det opp til kommunen å avgjere om det er sakleg/usakleg å gje dispensasjon eller ikkje med omsyn til presedens og likebehandling såfram dei rettslege vilkåra i pbl. §19-2 andre ledd første punktum og andre punktum er oppfylt.

Klagar påberoper seg ulovfestet likebehandling for rettsleg og faktisk like saker. Rettsleg like saker vil til dømes vere der lov og plangrunnlag er likt. Faktisk like saker vil til dømes vere der tiltaka er dei same slik som kai og flytebyggje.

Kommunaldirektøren har behandla i avslaget følgjande:

«Det er i tilsvar frå tiltakshavar datert 18.07.2021 syna til to sakar i tidlegare Lindås kommune. Vi har ikkje lykkast i å finne referansesak 270/00 men har gjort ei vurdering av sak med referanse 2009/1069;

Denne saka ligg tilbake i tid, og kommuneplana har vore gjennom ei omfattande planprosess fleire gångar sidan den tid. Samstundes vil det vere vanskeleg å sjå på historikken i den saka, då strandsonevernet vil endras over tid, med mindre endring i vurdering og praksis.»

Det er i klagen ikkje vist til kai og flytebyggje som er gitt løyve etter at KPA 2019-2031 trådte i kraft og som supplerer reguleringsplanen. Det ligg difor ikkje føre rettsleg like saker som grunnlag for likebehandling, sjølv om det ligg føre faktisk like saker. Likebehandling kan difor ikkje påberopast. Derimot har Buskeneset har ein del naustetomter og faren for uheldig presedens er stor dersom ein opnar opp for eit tiltak her.

Konklusjon - subsidiært

Kommunen veljar å ikkje gje varig eller midlertidig dispensasjon, jf. pbl. §19-1 første ledd første punktum.

Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngevest, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
6. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
9. Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg i saken:

14.02.2022

Tilsvar til klage på vedtak i byggesak - gbnr 58/129
Lygren indre

1690782

13.01.2022	Klage på dispensasjon for kai og flytebrygge - 58/129 Lygren Indre	1672598
09.12.2021	Klage på avslag på søknad om dispensasjon for etablering av kai og flytebrygge - gbnr 58/129 Lygren indre	1643780
20.04.2021	2021-04-19 Dispensasjon fra byggegrense	1546001
19.04.2021	Forhåndsuttale vedr - Søknad om utlegging av flytebrygge med tilhørende landgang, bygging av kai samt etablering av båtslipp - gbnr 58/129 Lygren indre	1545739
22.03.2021	Søknad naust side 1	1531756
22.03.2021	Søknad naust side 2	1531752
22.03.2021	Opplysningar gitt i Nabovarsel	1531755
22.03.2021	Kvittering nabovarsel	1531753
22.03.2021	Tillatelse fra grunneier	1531751
22.03.2021	Tillatelse naboeiendom	1531749
22.03.2021	Situasjonskart	1531750
22.03.2021	Tegning Naust	1531754
22.03.2021	reguleringsplan	1531757
22.03.2021	E-post	1531748
27.04.2021	Vedlegg til søknad - gbnr 58/129 Lygren indre	1549210
27.04.2021	2021-03-20 Vedl 6 Tillatelse fra grunneier	1549211
27.04.2021	2021-03-20 Vedl 5 Tillatelse naboeiendom	1549212
27.04.2021	2021-04-21 Slipp kai og flytebrygge	1549213
10.05.2021	Søknad om dispensasjon - gbnr 58/129 Lygren indre - uttale kultur	1556718
29.06.2021	Uttale - Alver - gbnr 58/129 Lygren Indre - naust - dispensasjon	1582891
27.10.2021	Klage på vedtak - gbnr 58/129 Lygren Indre	1631647
01.10.2021	Løyve til oppføring av naust - gbnr 58/129 Lygre indre	1613540
02.08.2021	Opplysninger som gjeld saksgang	1593614
21.07.2021	Kommentarer til Statsforvalterens uttale i sak - gbnr 58/129 Lygren indre	1591945
23.07.2021	Bilder	1591957
21.07.2021	Kopi av brev frå Fylkesmannen datert 01.02.2001	1591947
21.07.2021	Kopi av eldre dokument i saka	1591948
14.03.2022	Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen - 28.05.2021	1702953